

Møtereferat 14

Sammøte mellom Fellesnemnda og Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Smia Hornindal

Tid: torsdag 16.11. kl 14.00 – 15.00

Til stades:

Svein Otto Espe

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Jon Tvinnereim

Forfall: Torunn Lødemel Stokkeland

Presentasjon av rapporten frå Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk om forslag til kommunevåpen for nye Volda kommune.

1. Leiaren for Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk las opp vurderinga som komiteen hadde gjort, med konklusjon og tilråding til Fellesnemnda. Dei andre komitémedlemmane som var til stades, supplerte med kommentarar, og bilde av vinnarforslaga og nokre seinare modifiseringar av forslaget som fekk førsteprisen, vart viste fram. Nokre andre aktuelle forslag vart også presenterte.
2. Namnekonvoluttane til vinnaren og forslagsstillaren som kom på andrelassen, vart opna av leiaren i komitéen og kontrollerte av ordførarane Stig Olav Lødemel og Jørgen Amdam.
3. Vinnar av konkurransen om nytt kommunevåpen for nye Volda kommune vart forslagsstillar nummer 28., Dagfinn Fløtre, Volda. På andrelassen kom forslagsstillar nr. 26, Bodil Johnson, Nordfjordeid.
4. Jon Ytrehorn viste fram to honndalsljår, laga av faren, Oskar Ytrehorn, og fortalde kort om ljàproduksjonen i Hornindal.
5. Jon Tvinnereim viste fram ein penn med skaft og pennesplitt, utlånt frå Sparebank 1, Søre Sunnmøre.
6. Ordførar og leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, takka Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk for utført arbeid så langt.
7. Signert rapport frå Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk, dei 53 innsende originalforslaga og dei tilhøyrande namnekonvoluttane blir overleverte til Volda kommune til arkivering.

Referent

Jon Tvinnereim

